Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10 Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Sund

Emne: Lyngjing og mosing Bygdelag:

Oppskr. av: Karsten Leröy. Gard: Leröy.

(adresse): Leröysjöen, om Bergen G.nr. 4 Br.nr. 13.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Lyngjing er vanleg i bygda her, frå dei eldste tider, og det har ikkje vore noko forandring på sankemåten. Dei lyngar mest når det vert lite höy, og mest om våren. Dei sanka mykje lyng siste* verdskrigen, men i det siste har det vore noko mindre lyngskjering av mangel på arbeidskraft, tenesthjelp. Vert det lite höy eit år, sel eller slaktar ein gjerne ei ku, – så slepp ein lynga så mykje, –

2. Ein sankar lyng heile vinteren, men mest om våren, i "barkeipa".

3. Ein brukar ein vanleg sigd til å skjera lyngen til "beista" med.



sigd.

4. "Lyngskjering" plar vera kvinnfolkarbeid, og dei ber lyngen heim i ei kipa eller i sekker. –

5. Det er ymse, Sume tider er det godt lyngår og andre tider darlegt, meddi lyngen kan vera avsvidd av vind og ver. – då vert han brun, andre tider kan han vera lang og grön. Då er han god.

6. Lyngen vert sume tider frakta heim på båt.

7. Dei legg lyngen i löa, og gjer krötera han etter kvart.

2740

8. Lyngen vert mest brukt til „beista", men sau og hest likar han og svært godt lar. Kyrne får lyngen ein gong om dagen, og då sparer ein ein vondel høy. ca 2.5 kg.
9. Lyng er godt for.
B.
Ein plar ikkje driva kyrne på lyngbeite. men om sumaren et dei nok noko lyng i udmarka. Sauene et nok noko lyng til alle tider. —

II Mosing.

Mose er ukjendt som for i bygda. Det har ikkje vore brukt i manns minne. mose brukar dei berre til ~~strø~~, underbrøysla. —

2740
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING